

Mikke Mus

Midt på natta er det han hører den. Gråten. Er det nokon som græt?
Inne i huset. Inne i gangen. Inne i eit av soveromma?

Det er mørkt, berre klokka på nattbordet lyser – Mikke Mus syner tida.

2.33

2.34

2.35

Lyden blir ikkje borte.

2.39

2.40

2.41

Jo, det er einkvan som græt!

Han set seg opp i senga, går ut i gangen og bort til soverommet til mor og far.

Han står litt. Det er ikkje frå foreldra lyden kjem, det er ingen av dei som græt.

Han går vidare bortover gangen. Kvar vart det av lyden?

Han står heilt i ro, og da er den der igjen, lyden. Den kjem frå soverommet til Tomas.

Tomas – det er storebror. Han er atten. Sjølv er han åtte. Det er berre Tomas som kjører bil og er seint ute om kveldane med kjærasten sin.

Men no – no er Tomas kommen heim og ligg på rommet sitt og græt. Tomas – som er så god til å fortelje vitsar, så fæl til å kitle og så sterk at han kan hive Tore opp i lufta.

Tenk om Tore kunne bli så sterk at han kunne gå inn og løfte Tomas?
Snurre han rundt så han måtte le! Eller kitle han?

Han opnar døra.

Det er mørkt, men han ser Tomas liggje der inne. Han er stille, gråtelyden er borte no.

«Tomas!»

Tomas svarer ikkje.

«Tomas!»

Men nei, Tomas rører seg ikkje, han pustar berre.

Fort stikk Tore handa si fram og innunder dyna, lurar den inn på magen til Tomas, vil kitle han litt.

Straks gløtter Tomas fram.

«Tore, kva gjer du?» spør han som i søvne. «Gå inn og legg deg, det er midt på natta, alle skal sove no,» seier han med heilt vanleg storebrorstemme.

Og så må Tore berre gå inn att til seg sjølv.

Men mens han går, og heile den lange tida før han sovnar og ligg og ser på tala i Mikke Mus-klokka, tenkjer han på lyden han hørte. Den kom frå Tomas, gjorde den ikkje det?

Dagen kjem. Og lyset med alle morgonlydane. Utan at Tore har gløymt lyden i mørkret.

Han ser på mora.

Han ser på faren.

Og på Tomas.

Ein av dei har gråte, ein av dei er redd, eller trist. Men kven av dei er det?

Det er ikkje råd å vite det der dei sit rundt frukostbordet, smør brødkivene sine og drikk gloheit kaffi. Det er ikkje godt å sjå kven som har gråte når alle berre tygg og tygg.

Neste natt er utan lydar. Og natta deretter. Heilt til klokka blir 4.03. Da kjem ein bil kjørande inn på tunet, Tomas sin bil. Det knirkar i ytterdøra, og litt i trappa før det blir stille igjen.

Men om morgonen er ikkje Tomas stille! Han er som før, han løftar Tore høgt opp i lufta og snurrar han rundt.

«Vesle mus,» ler han og kitlar Tore så veldig at han må springe og gøyme seg.

Det går to dagar, to dagar og to netter. Den tredje natta kjem lyden igjen. Og no er Tore sikker på kvar den kjem frå. Den kjem frå Tomas, det kan ikkje vere nokon annan. Mor og far har nemleg reist bort, det er berre Tomas og Tore som er heime.

Tore blir liggjande i senga si. Det er mørkt, og Mikke Mus-klokka lyser.

2.48

2.49

2.50

Lyden vil ikkje gi seg!

Tore står opp. Han opnar døra. Utan eit knirk står han ute i gangen.

Han lyttar.

Jo, lyden er der framleis. Den er svakare, men han hører den.

Han stiltrar seg mot døra til Tomas.

Det *er* Tomas som græt. Tomas som har så sterke armar og så mange vitsar.

Kva er det som har hendt? Ingen får vere slemme med Tomas!

Tore opnar døra.

«Tomas?»

Tore bøyer seg mot Tomas.

Med eit rykk set Tomas eg opp i senga, hiv dyna til sides og hoppar fram på golvet.

«Kom deg ut!» roper han, «kom deg ut, jævla dritunge, og ikkje gå og snik på folk midt på natta!»

Tore piler inn til seg sjølv, stuper opp i senga og grev seg ned under dyna. Ja, ikkje så djupt, han er lurare enn det. Og så begynner han å gråte.

Han græt høgt.

Han græt lenge. Han tvingar seg til det. Til døra går opp og Tomas står der og spør kva som er på ferde. Han er vel ikkje redd fordi mor og far er borte?

«Er du det, vesle mus?» seier Tomas og bøyer seg over han.

Da er det lett for Tore å løfte på dyna. Og vips, så er den store broren hans innunder!

Armen til Tore er varm og tynn. Nakken til Tomas er mjuk og smal; Mikke Mus-klokka lyser i mørkret. 3.31, 3.32, 3.33.

Fra *Nær nok*, 2004